



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8086-3

Skriv og meldingar 2015 fylkesrådet for eldre - 28. oktober

Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande.

Vedlegg:

Brev fra Pensionistforbundet, FFO og SAFO

Svar på brev fra fylkesrådmannen til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Meldesak 1) Brev fra Pensionistforbundet, FFO og SAFO

I brevet skriv dei at eldre og funksjonshemma er best tjent med kvart sitt råd, og oppfordrar difor alle kommunestyrer og fylkesting til å ikkje opprette felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne. Kommunestyrer og fylkesting som likevel vurderer felles råd, må involvere eldre og funksjonshemma sine organisasjonar, og kun vedta felles råd om begge gruppene sine organisasjonar samtykker.

Meldesak 2) Svar på brev fra fylkesrådmannen til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sende brev til fylkesrådmannen 22. september 2015, der dei bad fylkesrådmannen om å følgje opp avdelingane, slik at dei sender og deler saker som kan vere aktuelle for fylkesrådet.

Fylkesrådmannen tok dette opp i leiargruppa si den 5. oktober 2015, og det vart konkludert med følgjande:

- For saker som er planlagt i 2016, vert det diskutert i leiargruppa kva av sakene som er det er aktuelt å sende til fylkesråda for informasjon og uttale
- Møta i fylkesråda vert planlagt i forkant av fylkestinga, slik at fylkesråda får høve til å sende uttale til fylkestinget

Meldesak 3) Informasjon frå eldrerådkonferansen 22. -23. september 2015 v/Eivind

Saker som var på dagsorden:

- Kommunereforma: fakta, utfordringar og status før kommunevalet
- Erfaringar med samhandlingsreforma innan helse og eldreomsorg – perspektiv frå helseforetak og kommune
- Morgondagens eldreomsorg

Meldesak 4) Ymse